

# Trafikksikringsplan 2023 – 2026

---



**Utkast**

**1 SEPTEMBER, 2022**

---

**Tokke kommune**



---

# Innhald

1.	Innleiing .....	1
1.1	Gjennomføring av plan 2019 - 2022.....	1
1.2	Innspele etter oppstart og varsel av planarbeidet .....	2
2.	Mål for trafikksikringsarbeidet 2023 - 2026 .....	3
	Hovudmål .....	3
	Delmål.....	3
3.	Pågåande prosjekt.....	3
	Trafikksikker kommune.....	3
	Sykkelbygda Dalen .....	3
	Eit aldersvenleg samfunn – Leve hele livet.....	4
	Prosjektet Frå haldning til handling.....	4
	Innspele til handlingsprogram for fylkesvegane 2023 - 2032 .....	5
	Andre tiltak som har vore vurdert eller blir jobba med .....	5
	Behov for tiltak langs egne kommunale vegar.....	7
4.	Trafikksikringstiltak 2023 – 2026.....	1



---

# 1. Innleiing

Trafikksikringsplanen for Tokke kommune skal være eit arbeidsreiskap for både politikarane og administrasjon. Trafikksikringsplanen er eit dynamisk dokument som skal brukast aktivt i det daglege arbeidet for å skape tryggleik i trafikken i kommunen. Planen legg grunnlaget for søknad om eksterne midlar, m.a. frå fylket si trafikksikringsordning, og blir vidare lagt til grunn for prioritering i budsjett og handlingsprogram til kommunen. Fartsnivå og fysisk utforming av veg- og trafikksystemet har stor tyding for trafikksikkerleiken. Viktig er også målretta opplærings- og informasjonstiltak, i tillegg til overvaking og kontroll.

## 1.1 Gjennomføring av plan 2019 - 2022

Gjeldande trafikksikringsplan blei vedteken i 2018 og har vore lagt til grunn for søknad om aksjon skuleveg-midlar, nå midlar frå trafikksikringsordninga hjå fylkeskommunen. Siste året planen er gjeldande er 2022.

Gjennomførte tiltak:

- I planperioden er det gjennomført erosjonssikring og autovern langs kommunal veg i Modalen.
- Skiltplan for Tokke er nyleg vedteken. Arbeidet med å få på plass nye skilt og adresseskilt skal gjennomførast i år og neste år, så langt me har kapasitet i eigen regi.
- Gateljos frå Tønsbergkrysset til Åsland meter langs Fv 450, skal gjennomførast i haust, etter at Suleskardsvegen er stengt.
- Gateljos på Austheii og i Byrte fekk me ikkje midlar til då tiltaket ikkje er prioritert frå vegeigar si side, fylkeskommunen. Kommunen løyve eigne midlar til tiltaka, som er gjennomført av grendelaga og i drift. Kommunen eig og driftar anlegga.
- Gateljos i bustadfeltet Huvestadlia er på plass. Vidare blir det gjort ei oppgradering av alle eldre gateljos i kommunen ved utskifting til led.
- Det er etablert nye fartsdumpar m.a. på Huvestad og Gullkopp.

Det er gjort andre, mindre tiltak enkelte stader for å betre forholda ved på/avstiging av skuleborn, m.a. at det er laga ei skulder ved Bilstad/ Skafså, og det er gjeve løyving til nytt busstur på Åmdals verk.

## Ulykker i perioden 2019 – 2022

I planperioden som har vore, har det vore 1 dødsulykke, 2 ulykker med hard skadde og 8 med lettare skadar. Dette er teke ut frå statistikken for Europavegm fylkesveg og kommunal veg i Tokke.

[Trine \(vegvesen.no\)](https://www.trinevegvesen.no)



---

## 1.2 Innspel etter oppstart og varsel av planarbeidet

Formannskapet vedtok oppstart av arbeidet med revisjon av trafikksikringsplan i møte 02.06.2022, sak 56/22. Opsstart av planarbeidet blei varsla på heimesider og lokalavisa 10. juni med frist for innspel 12. august.

Undervegs i planperioden har det kome inn enkelte innspel til trafikksikringsarbeidet. Dette gjeld:

- Kryssing av fylkesvegen FV450 Dalen sentrum frå G/S-veg til Elvarheim
- Kryssing av fylkesvegen FV450 Dalen sentrum ved YX/ Lio auto

Kryssing av skuleborn ved YX blir jobba med av Fylkeskommunen, i dialog med kommunen.

### Åmdals Verk Vel (2021)

Ynskje om gateljos i bustadfelt, nytt bussskur med ljøs og tiltak i stikkrenne. Nytt bussskur kom inn i budsjettet for 2022 og er under etablering.

### Anneken Schlenzig

Innspel om at det bør gjerast tiltak på vegen til Buøy sommarstid, då det er mykje aktivitet og born kring vegen på denne tida. I tillegg har ho innspel om tiltak ved kryssing av fylkesvegen ved Elvarheim.

Kommentar: Tiltak på Buøyvegen har vore vurdert tidlegare. Me kom då til at farten er relativt låg her, og at det er liten fare. Det som kan vere aktuelt er mobile fartsdumpar i sommarsesong.

### Vestfold og Telemark Fylkeskommune

Vedlagt innspel.

### Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Vedlagt innspel.

Desse innspela blir bruka som rettleiing i det vidare arbeidet med planen.



---

## 2. Mål for trafikksikringsarbeidet 2023 - 2026

Me gjer framlegg om å vidareføre målsetjingane i planen frå førre periode. Desse syner fokuset på både fysiske tiltak kring kollektivpunkt/ skular/ mjuke trafikkantar - gåande/ syklande, samt haldningsskapande arbeid, som bør halde fram med tiltak i komande periode.

### Hovudmål

Ingen døde eller hardt skadde i trafikkulykker i Tokke kommune.

### Delmål

- Auke trafikktryggleiken ved kollektivknutepunkt og i område kring skular og barnehagar og langs skuleveggar i Tokke.
- Skape trygge trafikktilhøve for mjuke trafikkantar generelt, slik at flest mogleg velger å gå eller sykle til skule og jobb.
- Auke kunnskapen kring trafikktryggleik i Tokkesamfunnet, med særleg fokus på born, unge og føresette

## 3. Pågåande prosjekt

### Trafikksikker kommune

Tokke kommune fekk sertifiseringa som trafikksikker kommune i 2019. Sertifiseringa skal re-godkjennast i år. Det ligg føre rutiner for tilsette sine retningslinjer for ferdsel i trafikken. Ved t.d. kommunehuset er det gjort både handlingsskapande arbeid knytt til kor og korleis ein parkerar, skilting/ organisering av gjesteparkering m.m., som har vore veldig positivt. Rutiner og forpliktelsar ein ein del av interkontroll-systemet til kommunen.

### Sykelbygda Dalen

Det skal utarbeidast ein strategiplan med handlingsprogram for Sykelbygda Dalen. Arbeidet vert gjort parallelt med uttale til Sykelstrategi for VTFK- med frist 01.11.22. Det er søkt om tilskot- Sykel og gange 2022- frå VTFK kr. 50.000 til arbeidet. Foreløpige innspel- basert på forprosjektet Sykelbygda Dalen og elles som kan vere relevant i høve til trafikksikringsplanen:



- Tydeleg merking av gang- og sykkelveg- spesielt frå skulen , sentrumsområdet og fram til bryggeområdet – t.d. slik:



- Krysset ved Elvarheim- her er det mykje ungdom og turistar som kryssar vegen- finne gode/trafikk sikre løysingar
- Kryssing ved Lio/ Skulen- på/av-stigning skuleelvar

Her kan du lese meir om prosjektet:

[Sykkelbygda Dalen - TOKKE KOMMUNE](#)

## Eit aldersvenleg samfunn – Leve hele livet

Ei heilskapleg samfunnsutvikling med fokus på aldersvenleg samfunn skal ha fokus på bustader tilpassa eldre, fysisk aktivitet, uteområde og universell utforming, kommunikasjon og medverknad, samt samfunnsdeltaking og transport.

Tokke har søkt om å få vere med på eit nasjonalt prosjekt for å tilrettelegge gode uteområde og møteplassar for eldre. Me ynskjer å bruke området ved Byklum-tomta som me har kjøpt, til dette føremålet. Gode trafikkløysingar, parkering og beplanting bør vere ein del av prosjektet.

I høve til framkome/ universell utforming, er det aktuelt å sjå på tiltak for å fremje dette.

## Prosjektet Frå haldning til handling

Tokke kommune har gåande eit haldningsskapande prosjekt som heiter *Frå haldning til handling*. Prosjektet handlar m.a. og haldning til køyring i rus og høg hastigheit. Målet er å etablere gode haldningar hjå barn, ungdom, unga vaksne og foreldre. Tiltak som kjem opp i dette arbeidet er aktuelt å ha inn i trafiksikringsplanen.



---

## Innspel til handlingsprogram for fylkesvegane 2023 - 2032

Kommunestyre vedtok i sak 62/22 i møtet den 16.06.2022 følgjande innspel/ prioriteringar til fylkeskommunen sitt handlingsprogram for fylkesvegane 2023 -2032.

### Investering:

1. Oppgradering/standardheving av Fv 38 Dalen - Åmot
2. Omlegging av Fv Eidsborg, Vrengen bru - Reflebrekk
3. Omlegging av Fv 3396 forbi gardstun Koldkjenn Søndre

### Asfaltering/masseutskifting:

1. Masseutskifting og asfaltering Fv 38 Gåstjønnhøgda - Holtebru
2. Masseutskifting og asfaltering Fv 450 - Førstøyl (kryss Smørklepp - Lårdal) – Eidsborg.

### Rassikring:

1. Auka budsjettmidlar til rassikring langs fylkesvegane.

### Trafikksikring/GS Vegar:

1. Gang- og sykkelveg langs Fv 38 Gullkopp - Vistad bru

## Andre tiltak som har vore vurdert eller blir jobba med

- Kryssing frå busshaldeplass og over Fv 450 til Høydalsmo skule og barnehage har vore ei tilbakevendande sak. Me har fleire gonger vore i dialog med Fylkeskommunen for at dei skal sjå på løysingar for betra tryggleik. Det er 40-sone og fartshumpar langs strekningen, og førebels meiner dei at det gjev god nok sikring.
- Det er behov for nyskilting i avkøyring og områda ved Lastein bryggje. Dette ynsker me å gjere etter at nye fundament til hovudbryggje, ny småbåthavn og bubilparkeringa er oppgradert, vonleg i 2023. Tiltaket bør leggest inn i ny trafikksikringsplan.
- Det er sett i gang arbeid med tanke på å etablere overgang over fv 450 ved Hallbjønnsekken for å få til ei betre kryssing for mjuke trafikantar/skigåarar. Det er dårleg sikt forbi Hallbjønnøsenderet, særleg vinterstid med høge snøbrauter. Det blir jobba med et forprosjekt for å sjå på aktuell løysing. Tiltaket bør leggest inn i ny trafikksikringsplan. Det er vidare søkt fylkeskommunen om permanent nedsett fartsgrense til 60 km/t forbi senteret.



- 
- Det er i gang arbeid med reguleringsplan for rassikring langs Fv 3408 Byrte nord. Samstundes er varslingsystem sør for Byrte – Heggtveitrøta. Begge desse arbeida skjer i regi av fylkeskommunen, men i nær dialog med innbyggjarar og kommunen. Tiltaka er ordinære rassikringsprosjekt finansiert av fylkeskommunen som vegeigar og blir finansiert fullt ut av dei.
  - Rassikringsarbeid i andre delar av kommunen, slik som Eidsborgberget og Skafsåberget, blir spelt inn til fylkeskommunen sitt handlingsprogram for fylkesvegane. Etter det me kjenner til, skal det lagar rasutgreiing for Skafsåberget i år i regi av fylkeskommunen.
  - Fylkeskommunen har nyleg vedteke å starte arbeidet med planlegging av omlegging av fylkesvegen ved Reflebrekk, Eidsborg, og det er løyvd mildar til reguleringsarbeid. Tokke kommune har løyvd 2 mill til tiltaket.
  - Det blir jobba med løysing kring overgangen ved Lio auto/ YX etter anmoding frå Fau og synfaring/ dialog med fylkeskommunen. Nyleg har me filma punktet med drone, for å gje fylkeskommunen kunnskap om problematikken der foreldre set av borna sine på vegskulder, med påfølgjande uoversiktleg kryssing.
  - Ny barnehage i Høydalsmo blir lagt til rette med trafikkkløysing for av/ påstigning av born i drop-sone.
  - G/S – veg frå Gullkopp til Vistad bru, er under planlegging i ny reguleringsplan for Dalen. Tiltaket bør prioriterast i ny trafikksikringsplan.
  - Det er utarbeidd og vedteken eit kommunalt skisseprosjekt for trafikkavvikling ved Vest – Telemark Vidaregåande skule/ Tokke skule/ kulturhus m.m. For 2022 har me fått mildar til vidare arbeid med prosjektering. Arbeidet har starta opp og byggeplan med kostandsrekning skal på anbod i haust. Skisseplan med politisk handsaming, følgjer som vedlegg her, og blir eit av dei viktigaste fysiske tiltaka i komande periode.



## Andre, aktuelle tiltak langs kommunale vegar

### Erosjonssikring Modalen

Behov for meir enn det som er gjort siste periode, 500 meter. Dalaåi grev ut under den kommunale vegen enkelte stader, og det burde jobbast vidare med etablering av autovern, kanskje 500 meter til.



### Autovern Bandakslidvegen – i starten ved Elvarheim

Vegen er sykkelveg til BVandakslid, tilkomstveg for busetjing langs vegen, tilkomst til industriområde m.m. I svingen ved Elvarheim mot Tokkeåi er det bratt ned mot elva og ikkje sikring.



## 4. Trafikksikringstiltak 2023 – 2026

Tiltak	Kostnad	År	Gjennomføring
Ombygging trafikkareal VGS, Tokke skule, kulturhus m.m.	2 mill	2023	TK + samarbeid VGS og FK
Haldningsskapande tiltak frå prosjektet Frå haldning til handling	0,5 mill	2024	TK – handlingsplan
Ny G/S-veg Gullkopp – Vistad bru fv 38. Lengde: 800 meter.	8,0 mill	2024	Blir regulert inn i pågåande reguleringsplan Dalen.
Trygg kryssing av Fv 450 Dalen sentrum ved ungdomsklubben på Elvarheim samt YX/ Lio auto	300 000,-	2023/ 24	Fylkeskommunen, samarbeid Tokke kommune.
Omlagging av fylkesveg ved Koldkjen			
Trafikksikring, uteareal ved helsesenter	200 000,-		Byklumtomt, planlegging
Tiltak for å fremje gange/ sykkel jfr Sykkelbygda og Leve hele livet	0,5 mill		Delprosjekt jfr handlingsplanar
Erosjonssikring + autovern kommunale vegar	0,5 mill	2024-2026	Fordelast årleg i perioden. 125`per år eks mva
Kryssing/ overgang Fv 450 Hallbjønnsekken			
Trafikksikring Dalen sentrum – Buøy?			
Trafikksikring Høydalsmo E134			Pågåande reguleringsplan – innspel om miljøgate

Forkortingar:

TK – Tokke kommune

FK – Vestfold og Telemark fylkeskommune

VGS Vest – Telemark Vidaregåande

